

## Styremøte 16.jan.2017 kl. 18.30 på Kraftsenteret

Desse møtte: Mette Marie, Mariann, Turid, Bjørg, Nelly, Solveig, Sunneva.

Sak 4/17 Referat og meldingar  
Nyvald leiar Mette Marie opna med eit dikt og eit lesestykkje om starten av Spjelkavik bondebvinnelag 17. feb.1917.  
Det var også starten på Norges Bondekvinnelag.  
Bjørg og Mette skal lage eit skriv til Storfjordnytt om dette. Det må kome i avisa16.02

Valdal. Julefest på VTS -ca. 40 framsmøtte, loddsal, rikeleg med kaker, musikk v/Ingunn Linge

Takk til Aktivitetsgruppa som var arrangørar.

Nye medlemmer: Nelly Ytterli og Kristin Alstadsæter.

Fredagskafe med VBK 10.mars.

Sak 5/17 Ekstraordinært årsmøte  
Dato måndag 23.jan.kl.18 på Kraftsenteret.Gjennomgang av rekneskap, lagssaker.  
Innkalling på data og pr. brev. Bjørg har alt plakaten ferdig til utsending.  
Møtet var tidlegare annosert i referatet av konstituerande styremøte i des.

Sak 6/17 Rekneskap  
Turid orienterte om rekneskapet, Mette Valdal, revisor er varsla.

Sak 7/17 Frivilligsentralen  
VBK sender ein uttale til kommunen om kvifor Frivilligsentralen bør halde fram i same lokale som no.  
Eldrepolitikken sentralt og lokalt går ut på at eldre skal få hjelp til å bu heime lengre.  
Frå sentralt hald vil ein at kommunene skal opprette Aktivitetssenter - ein møteplass for m.a. heimebuande eldre.  
Lokala til Aktivitetssenteret - 2 etasjar - passar godt til div.aktivitetar, mangt er i gong som passar inn.  
Vi nemner også at funksjonshemma får arbeidstrening her.

Sak 8/17 Årsplan, aktivitetar  
Årsplan er grovteikna frå før, kjem attende på seinare styremøte med meir detaljutgreiingar.

Sak 9/17 Eventuelt  
Fylkesårsmøte11.og12.mars i Ålesund. Innmeldingsfrist 6.feb.  
VBK melder på 3 stk, Bjørg kan reise.

Norsk tradisjonsmat - NBK vil ha oppskrifter frå lokallag. Solveig blir sett på saka.

Refleksvestar til 1.kl.ved Valldal skule. Fjørå + Valldal helselag har sponsa vestane, men Valldalslaget har trekt støtta.

VBK går saman med Fjørå helselag og sponsar vestane.

Sunneva Linge skrivar